

Røldal-Suldal-Opprustning og utvidelse av kraftverk (202320330)

Innspill etter befarings i Røldal 03.09.2025

- Valldalen:
 - Er sjølv grunneigar på austsida av Valldalen, her hadde vår familie 2 stølar, Venemo og Ullshedler, begge desse stølane hadde bilveg då utbygginga starta. Ullshedler var den siste som fekk bilveg, den var ferdig i 1953. Då utbygginga starta vart stølshusa flytta opp til over vannlinja til ein plass som heiter Rinden. Og tilkomsten vart sterkt redusert. Det vil i praksis seie at ein må bruka båt på sommaren, evt. Gå i fra innerst i Valldalen. Vinteren er det på isen, med ski, eller snøscooter.
- Sommarhalvåret:
 - Etter planane med pumpekraftverk så kan Valldalsvatnet regulerast inntil 2 meter i døgnet, dvs. det vert vanskeleg å nytta stølshusa og eigendomen for alle på austsida av vatnet, utan at ein også har veg/ båtopptrekk.
 - Ein kan sjå føre seg at dersom ein overnattar på stølen, så kan ein risikera at neste dag, så er båten enten langt på land, eller ligg utpå vatnet. Skal dette løysast på ein god måte, så må ein ha båthengar med evt. ATV, stasjonert på austsida, dette må ein også kunna vinterlagra på austsida.
- Vinterhalvåret:
 - I vinterhalvåret ser ein føre seg at isen i framtida ikkje vert farbar, pga. klimaforandringer og store, hyppige reguleringar av vatnet ifb. Med effektkjøring.
 - Det har vore snakk om å etablera ein vinterveg over fjellområdet på vestsida, det gjer at ein tross alt på eit vis kan koma fram til Valldalen, og evt. vidare innover mot Hardangervidda. Men vegen er bratt og usikker, spesielt når vannstanden er høgare enn 700 moh.
 - For oss som held til på austsida, så er me uansett avhengig av trygg is for å kunna kryssa vatnet. Dette må ein ta med i diskusjonen.
Det er og uforståeleg at me som grunneigarar ikkje er tatt med som part i denne saka.
 - Alt som evt. Vert etablert må regulanten ha ansvaret for, og det må fylgja konsesjonen, dei har tross alt fått konsesjon på evig tid.

- Votnamagasinet:
Isen på Votnamagasinet har i alle år vore nytta ifb. Med ein svært populær skitur (Rundt nuten som me seier)
Der ein startar ved Svandalsflona, går over isen på Votna, som Hydro har stikka for sikker vinterferdsel, opp til Austmannatjørna, og endar opp nede ved kraftstasjonen i Røldal.
Effektkjøring av Votnamagasinet vil ikkje gjera dette mogleg lenger, alternativet er å gå rundt magasinet, men det gjer turen betydeleg lenger, og ein må høgare til fjells.

Framtidas energiforsyning:

- Etter som eg forstår, så kjem det mange søknader om ombygging til effektkjøring av vannkraftverka i Norge, dette er etter mi meining ein forretningside, og ikkje særleg samfunnsnyttig.
- Ein taper tross alt 20-25% strømprduksjon på denne driftsformen, i tillegg kjem overføringstapet i linjer og kablar. Skal dette vere lønnsomt så er ein avhengig av ustabil kraftproduksjon og stor variasjon i strømprisen. (Sol og vind)
- Etter mi og mange andre si meining er ikkje Norge og Europa tent med all denne ustabile krafta.
Det er stor og aukande motstand mot vindkraft, har tross alt ikkje blitt bygd noko særleg i Norge etter 2019.
- Me er på veg i feil retning
- Norge og Europa bør satse på stabil kraftpruksjon i framtida, då vil ein unngå mykje av desse høge og ustabile kraftprisane, og ikkje minst ein enorm auke i systemkostnader for å drifte dette. Det er ikkje sikkert energimiksen vil vera den same i framtida, og det kan lett føra til små marginer i slike prosjekter som pumpekraftverk.

Med helsing
Alf Medhus
Røldal